

## Stor påskeutfart på turvegane og stiane til fjells

10.04.2009

**Det har vore stor utfart på turvegane i nærområdet og på dei merka stiane til fjells hittil i påskehelga.. Skjærtorsdag skreiv heile 30 turgåarar seg inn i turboka på Ådnaklett, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal i Uskedalen Utvikling til uskedalen.no**

Omlag halvparten av desse var tilreisande - gjester i båthamnane, på campingen og i hytter. Andre turmål med mange gjester er på Flåtene i Eikedalen, kalkdoseraren i Børgsdalen og i Åsaranalen på Fjellandsbø.

Bringedal held fram:

- På veg ned frå Storhaug langfredag møtte eg fire båtgjester som nytta høvet til å gå på ein av dei mange merka turstiene i Uskedalen. Målet var Storhaug. Eg spurde dei om kvifor dei valde Uskedalen som utfartsmål i ferien.

Dei framheva særleg dei gode turvegane og stiane som bygda har. Dette var to par i kvar sine båtar. Dei har før vore i Åsaredalen og på Mannsvath og i Botnane, men no ville dei finne ut meir om turane i Eikedalen.

Alt dette fortel oss kor viktig det er med profilering av feriebygda Uskedalen og at vi langt på veg har lukkast med tilretteleggjing og merking av stiane til fjells og turvegane i nærområdet.

Dette arbeidet må halda fram.

Kvalitetssikring, vedlikehald og vidare tilretteleggjing er aktuelle stikkord, seier Bringedal.

Av Ola Matti Mathisen